



Notat

Dato: 20.03.2018
Arkivsak: 2018/9138-1
Saksbehandlar: venbar

Til: Fylkesutvalet
Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Vaksineringsrutinar - meningokokkvaksine for elevane

Fylkesrådmannen viser til møtet i fylkesutvalet 01.02.2018, PS 6/2018 **Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode leveår for alle**, der:

Roald Kvamme, A, på vegner av A, SV og Sp sette fram slikt forslag:

«Tema 3 oppvekst og læring, nytt punkt 3.12

Auka kunnskapen om førebyggjande helsetiltak og leggja til rette for tilbod om vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Samarbeida med kommunehelsetenesta for å kunna gjera tilbodet gratis og lett tilgjengelig.»

På bakgrunn av nemnde forslag ønskjer fylkesrådmannen ei kartlegging av rutinar for vaksineringsrutinar for elevane. Den 21.02.2018 vart det difor sendt e-post til alle rektorane med mål om ei kartlegging av rutinar for meningokokkvaksineringsrutinar. Skulane i dialog med skulehelsetenesta vart bedne om å gi tilbakemelding innan 07.03.2018, med svar på følgjande spørsmål:

- Korleis blir eleven informert om vaksinetilbodet?
- Kva for trinn får tilbod om vaksine?
- Skjer vaksineringsrutinane på skulehelsetenesta sine lokale på skulen eller på helsestasjonen?
- Kva må eleven betale for vaksinen?
- På kva måte betalar dei vaksinen?
- Tal og prosent på kor mange som blir/er blitt vaksinert denne våren?

30 av skulane sende tilbakemelding, noko som samla gir ein status for dei vaksineringsrutinane som finst mellom skulane og skulehelsetenesta. Informasjon om vaksineringsrutinane når fram til elevane på ulike vegar og er lett tilgjengelege. Elevane må betale mellom kr 400 og 500 i eigendel, og vaksineringsrutinane føregår i stor grad i skulen sine lokale. Alle Vg1-elevane får tilbod om vaksineringsrutinane, i tillegg dei som ikkje er vaksinerte på Vg2 og Vg3. Altså legg rutinane opp til at alle elevane skal få tilbod om vaksineringsrutinane.

Fylkesrådmannen vil i 2019-budsjettet vurdere eit gratistilbod for meningokokkvaksine, der ein startar innføringa med å gi tilbod til Vg1-elevane. Ei slik organisering vil på sikt skape eit system som er likt for alle elevane, og hindre at ein vanskeleg økonomisk situasjon er argument for at enkeltelevane ikkje blir vaksinert.